



Adu-Ingeniør Atle D Utkilen
Postboks 75 Fonnes Senter
5952 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1712 - 17/5141

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
15.02.2017

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - mellombels bruksløyve - 202/3 Hjelmås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad den 03.02.2017, om ferdigattest for VA anlegget og mellombels bruksløyve for del av veg.

Tiltaket

All infrastrukturen i Helleåsen vart godkjent i eitt løyve til tiltak den 08.10.2014. Vi kan ikkje skriva ut ferdigattest for delar av tiltaket. Men vi kan skriva ut fleire mellombels bruksløyve fram til alt infrastruktur er ferdig.

Det er skrive ut to mellombels bruksløyve tidlegare:

- Mellombels bruksløyve 1, 30.07.2015: VA-anlegg trasé 1, frå pumpestasj. K1 til K10, gyldig til 01.08.2017
- Mellombels bruksløyve 2, 30.09.2015: Veganlegget frå fylkesvegen til P140, gyldig til 01.10.2017

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Godkjenning frå VA-avdelinga for ferdig opparbeidd anlegg. De skriv at det er sendt inn sluttdokumentasjon frå Nh Grunn og betong 08.09.2016. Eg kan ikkje finna anna enn innmåling av anlegget, og har sendt spørsmål vidare til VA-avdelinga.
2. Kart som viser vegstrekninga du søker mellombels bruksløyve for.
3. Forventa dato for ferdiggjering av all infrastrukturen (veg, fortau, gangveg, leikeplassar osv) eller kor lenge bruksløyvet skal vera gyldig (vanlegvis maks 2 år)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 15.03.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Geir Styve
Hjelmåsen As

v/ Geir Styve
Hjelmås

5915

HJELMÅS

Teknisk drift

Mottakarar:

Adu-Ingeniør Atle D Utkilen

Postboks 75
Fonnes Senter

5952

FONNES